

«Kvinner og menn, jenter og gutar: erfaringar med WASH tenester til sårbare grupper i kriser og konflikt»

Av Åshild Skare

Master i vann- og miljøteknologi, UMB. Humanitær WASH rådgjevar, Kirkens Nødhjelp.

Denne artikkelen er basert på eit foredrag heldt på Verdens Vanndag i regi av Norsk Vann, der tema var avløpsvatn.

Her i Noreg snakkar vi om fagfeltet VA - vatn og avløp. I eit globalt perspektiv, og særleg i utviklingsland, snakkar vi om fagfeltet WASH - vatn, sanitær og hygiene. Når vi går frå VA til WASH bevegar vi oss i stor grad vekk frå tradisjonell avløpshandtering sett med norske auger til meir lavteknologiske løysingar. Handtering av avløpsvatn i ein nødhjelpssituasjon omhandlar sjeldan røyrssystem og avløpsreinsing. Hovudmålet er å sikre umiddelbar og trygg handtering av svartvatn for å unngå spreieing av WASH-relaterte sjukdomar.

Fagfeltet WASH omhandlar å sikre tilgang til trygt vatn i tilstrekkelege mengder til drikking, matlaging og oppretthald av personleg hygiene. Det handlar om å sikre tilgang til do, dusj og vaskeplassar, søppelhandtering og reine omgjevnader, samt sikre tilgang til grunnleggjande hygieneartiklar og kunnskap til å praktisera god hygiene. WASH er etablert som ein sektor i den humanitære verda, og bindar med dette dei såkalla harde komponentane som borehol, tappepunkt, lagringstankar, latriner og liknande VA-relatert infrastruktur, saman med dei tilhøyrande mjuke komponentane som omhandlar

riktig bruk av fasilitetar, praksis og vanar. Viktigast av alt handlar fagfeltet humanitær WASH om ei heilhetleg tilnærming: å sikre folk berørt av konflikt eller krise tilgang til trygge, akseptable og varige WASH-fasilitetar som ivaretar folk sin tryggleik og verdighet.

Ein nødhjelpssituasjon kan vere mange ulike scenario. Ei humanitær krise kan oppstå som resultat av krig og konflikt eller grunna naturkatastrofe. I noen tilfelle gjeld det flyktningar, folk som er på flukt utanfor egne landegrensar, i andre tilfelle omhandlar det internt fordrevne, folk som er på flukt i sitt eige land. Behova, og dermed vår WASH-respons, vil vere avhengig av mellom anna kva type krise vi har med å gjere og konteksten ein finn seg i.

Afrika sør for Sahara utgjer kanskje det vi tenkjer på som det mest klassiske scenario for ein nødhjelpssituasjon: flyktningleirar eller område der folk samlast for å få hjelp, rurale strøk, folk frå fattige kår som ikkje er godt vane med tilgang til fasilitetar og tenester som trygt vatn, sanitære forhold eller helsetilbod. WASH-fasilitetar i ein slik samanheng omfattar gjerne delte fasilitetar, både vasspunkt og latriner delast mellom medlemmene av samfunnet. Handtering av avløpsvatn vil typisk omfatte såkalla «dry pit latriner» for handtering av svartvatn og infiltrasjon for handtering av gråvatn. Ei slik latrine er ein form for toalett som



Bilete 1. Døme på ei «dry pit latrine» frå ein flyktningleir i Gambella-regionen i Etiopia: prefabrikkerte korrugerte plastveggar og –tak plassert over ei 2-3 meter djup hole. Latrina er heva over bakkenivå ved bruk av sandsekkar for å unngå at overvatn kjem inn i latrina og bidrar til auka fyllingsraten. Latrina er utstyrt med ein handvaskstasjon i form av ei bøtte med kran plassert i eit stativ lagd av tre like ved.

samlar opp avføring i eit hol i bakken, utan bruk av vatn. Den består av tre hovudkomponentar: eit hol i bakken, eit golv med eit hol i og eit lite overbygg. Latriner blir ofte bygd av lokalt tilgjengelege materialar - typisk golv av plast eller betong, veggjar og tak av presenning, bambus eller metallplater. Svartvatnet vil vidare anten bli dekomponert på staden etter latrina er full eller slamsugd og deponert på tileigna område. I ein tidleg fase i ei krise kan oppimot 50 personar dela ei latrine. Med tida etterstrevar ein å redusere antal brukarar per latrina. Ein av dei store utfordringane er ofte riktig bruk, eller i noen tilfelle bruk generelt, av fasilitetane, særleg om brukarane ikkje er vane med å bruka do. Dette understreker viktigheten av å linke aktivitetar relatert til avløpsløysingar med hygiene frem-

mande tiltak for å sikre både tilgang til og bruk av fasilitetar.

I midt-austen er situasjonen ein anna. Her er det i hovudsak folk som er på flukt frå krig og konflikt, men og folk som er fordrevne grunna årlege flaumar eller andre naturkatastrofar. Dei berørte kjem frå mellominntektsland, dei har gjerne høgare utdanning og er vane med tilgang til god infrastruktur og offentlege tenester, og omgjevnadene er ofte meir urbane. Det kan omfatte både flyktningleirar og fordrevne folk som er innlosjert i vertssamfunnet. Desse folka har generelt ein høgare levestandard enn dømet frå Afrika. Dei brukar til dømes mye meir vatn og er vane med generelt høgare standard. Ofte er det kun fasilitetar på hushaldsnivå som blir aksepterte. Når det gjeld latrineløysing snakkar



Bilete 2 og 3. Flyktningleir i Nord-Irak. Kvar familie har eit telt med tilhørande tilbygg med privat do og dusj. Alle hushald har eigen vasstank på taket.

vi ikkje her om hol i bakken. Mest vanleg er latriner som brukar vatn, og i tillegg brukas vatn i staden for dopapir, og dermed aukar avløpsvatnet i volum betrakteleg. Løysing for avløpshandtering er typisk do og dusj på hushaldsnivå som er kopla til anten offentleg avløpsnett eller, kanskje meir vanleg, til septiktank, avhengig av dei lokale forholda.

Når vi jobbar med WASH i krisesituasjonar må vi i tillegg til å ta omsyn til kontekst og kulturelle vanar og ta omsyn til aspektet humanitær beskyttelse. Folk på flukt i kriser og konflikt er ekstra utsett for å oppleve brot på fundamentale rettigheter. Dette kan vere mangel på tilgang til elementære rettigheter som vatn, do og utdanning, eksponering for krig og konflikt, kjønnsbasert vald, mangel på rørslefridom, for å nemna noen.

Alle som er på flukt er i utgangspunktet sårbare. Noen grupper er likevel ekstra utsett i ein slik situasjon. Avhengig av konteksten så kan det gjelde kvinner, menn, born, personar med rørslehemming, eldre, gravide, ammande og minoritetar. Felles er at dei alle har vanskelegare for å få tilgang til nødhjelpa som blir tilbode. For å hjelpe dei sårbare gruppene må vi forstå kva risiko, truslar og farar dei står overfor. Kjønnsbasert vald har vore eit aukande problem og som vi stadig ser blir brukt som eit våpen i konflikt og kriser.

Ved å sikre tilgang til WASH-fasilitetar bidrar vi med å gi tilgang til grunnleggjande rettigheter. Til dømes er det i hovudsak kvinner og jenter, gjerne i skulealder, som har ansvar for å hente vatn til familien. Mange jenter droppar av denne grunn ut av skulen fordi dei må gå i timesvis kvar dag for å hente vatn. Tilgang til latriner i skulen er ein anna viktig del av WASH. Mange jenter held seg unna skulen når dei har

menstruasjon grunna mangel på latriner. Dette er to dømer på positive effektar som tilgang til WASH-fasilitetar kan gi.

Men det handlar ikkje kun om *kva* vi gjer, det handlar i stor grad om *korleis* vi gjer det. Når vi designar våre WASH-program er det viktig at vi tenkjer gjennom både dei tilsikta og utilsikta konsekvensane våre aktivitetar kan medføra. Prinsippet «*do no harm*» - *gjer ingen skade* står sentralt. Til dømes er plasseringa av latriner ein viktig faktor. Ved upassande plassering kan dette føre til at ein påfører dei berørte ytterlegare påkjenning og fare. Dersom latriner plasserast i utkanten av ein leir, vil dette kunne medføre fare for overfall og valdtekt, og kvinner vil vere spesielt utsett. For å sikre at brukarane kan føle seg trygge ved bruk av latrinene, må vi forsikra oss om at dei er plassert på ein trygg stad, at dei er godt opplyste, gir tilstrekkeleg privatliv og har innvendig lås. Ein anna essensiell ting er korleis latrina er designa. Dersom løysinga ikkje er akseptabel for brukaren, anten det skuldas at latrina er retta i feil retning, løysinga strider mot kulturelle preferansar eller at latrina ikkje blir reingjort og vedlikehalde - kan konsekvensen vere at latrina ikkje blir brukt og at folk vel å gå på do i det opne i staden. Dette kan ha konsekvensar for brukaren sjølv som kan bli utstatt for overgrep eller voldtekt, og for samfunnet generelt ettersom det aukar faren for spreiding av WASH-relaterte sjukdomar.

For å sikre WASH-tenester som er trygge, passande og akseptable er rådføring med brukarane ein nøkkelfaktor for å oppnå suksess. Det fins ikkje ei løysing som passar til alle situasjonar. Ein grunnpilar innan humanitært arbeid er at den berørte befolkninga blir satt i sentrum og at vår respons er i tråd med dei faktiske behova.